



Sakshandsamar: Anne Sigrid Loftesnes Harjo
Telefon: 57 64 31 46
E-post: fmsfash@fylkesmannen.no

Vår dato
2.4.2014

Vår referanse
2014/1569
Rapportnummer
2014.024.I.FMSF

Byrkjelo Miljø og Containerservice
6826 Byrkjelo

Tilsyn ved Byrkjelo Miljø og Containerservice – varsel om gebyr

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: Byrkjelo Miljø og Containerservice	Organisasjonsnr. (bedriftsnr.): 995647222
Stad og kommune: Fløtre, Gloppen kommune	Kontrolldato: 27.3.14
Postadresse: 6826 Byrkjelo	Anleggsnr. (internt nr.): 1445.0037

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: Jon Bjørn Fløtre	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Anne Sigrid Loftesnes Harjo
Desse hovudtema vart kontrollert: <input type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input type="checkbox"/> Miljørisikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav	<input checked="" type="checkbox"/> Forsøpling og ureining til omgjevnader <input checked="" type="checkbox"/> Fast dekke <input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input checked="" type="checkbox"/> Handtering og bruk av kjemikaliar <input checked="" type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll og revidert utsleppsløyve	

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 0 avvik og gitt **2** merknadar. Merknadar er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan 2 veker atter at rapporten er motteke. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Dagny Alvik
senioringeniør

Anne Sigrid Loftesnes Harjo
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved **Byrkjelo Miljø og Containerservice den 27.3.2014.**

Kontrollen vart gjennomført ved intervju av leing, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Aktuelt regelverk

- LOV 1981-03-13 nr 06: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (**ureiningslova**).
- FOR-2004-06-01-930: Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (**avfallsforskrifta**)
- Endra utsleppsløyve etter ureiningslova datert 05.12.2013

Oppfølging etter kontrollen

Vi føreset at tilhøva vert retta opp slik at verksemda vert drive i samsvar med gjeldande lover og forskrifter innan ureinings-, avfalls- og kjemikalierregelverka. Fylkesmannen avsluttar med dette kontrollen, og vil følgje opp tiltaka etter denne kontrollen ved neste besøk.

Vi gjer merksam på at ei fullstendig oversikt over miljøloverket verksemda må drive etter kan ein finne på www.lovdatab.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no.

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Det vart informert om gebyret under tilsynet.

Fylkesmannen vedtek med dette at Byrkjelo Miljø og Containerservice skal betale eit gebyr på kr. 4 600,- for den gjennomførte kontrollen.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til varselet innan 3 veker, reknar vi vedtaket som endeleg og faktura med innbetalingsblankett vert då sendt frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. De kan klage på vedtaket om gebyr. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeve, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret

som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Merknader

Følgjande tilhøve gav grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 Rammekrav

Verksemd har i nytt endra utsleppsløyve eit rammekrav på mottak av vomfyll på 300 m³. Dokumentasjonen til verksemda viser ei månadleg levering frå Nordfjordkjøtt på ca. 48 m³. Om dette mottaksintervallet held fram vil verksemda overskride den årlege mengde på 300 m³ allereie etter ca. 6 månader og verksemda må søkje Fylkesmannen om å utvide ramme for mottak om vomfyll.

Merknad 2 Opprydding av tidlegare motteke avløpslam

På området låg det framleis kompostert slam frå tidlegare motteke avløpslam. Verksemda opplyste om at dette skal ryddast i løpet av sommaren. Fylkesmannen vil råde verksemda til å rydde opp på området snarast råd.